

Trine Bjørke

Dykkar ref.

Vår ref.

21/25158-2

Dato:

15.11.2021

## Svar på spørsmål frå FAU

Viser til mottatt e-post og kjem her med svar på spørsmåla dine.

Det er utlånsavtalen som skal regulere bruken av Chromebooken både på skulen og heime. Det er spesielt punkt 4 som regulerer dette:

*CB-en skal berre brukast til læring, både på skulen og heime, slik vaksne på skulen bestemmer. På skulen skal den elles vere plassert i sekken/skapet eller lukka på pulten.*

*Øygarden kommune føreset at det er læring som er formålet med Chromebooken, dette gjeld både på skulen og heime.*

Til spørsmåla dine:

**Vi lurer på er hvilke begrensninger Chromebookene er satt opp med og hva det i praksis vil si at de ikke får tilgang på. Eller er det sånn at den er helt åpen?**

Svar: Chromebooks vert sentralt styrt via Google sin G-suite portal. Øygarden kommune er bedriftsregisterert hos Google og har derfor vår eigen portal. Alle kommunale Chromebooks er bedriftsregisterert og tilhøyrar derfor Øygarden kommune sin portal.

I denne portalen nyttar vi i hovudsak to funksjoner knytt til sikkerheit, BlockList og Google SafeSearch.

BlockList – dette er ei liste over nettsteder som vi blokkerer. Denne lista vert sentralt vedlikehald og vi legg blandt anna inn sider Kripos anbefala å blokkere.

Google SafeSearch er eit filter Google bruker for sine sider. Det er ikkje 100% nøyaktig, men det hjelper og filtrerer ut eksplisitt innhald i søkeresultat for alle søk på tvers av bilde, videoar og nettsteder.

Eksplisitt innhald vert definert slik:

Eksplisitte resultat inkluderer seksuelt eksplisitt innhald som pornografi, vald og gørr.

I tillegg til desse funksjonane er Chromebooken aktivt på det kommunale nettverket når elevane er på skulen. På det kommunale nettverket har vi sentral brannmur som regulerer all trafikk inn og ut av elevnettet. I den kommunale brannmuren har vi filter og sperrefunksjon for uønska nettsteder og liknande.

**Videre om det er noe vi som foreldre kan gjøre for å utvide/begrense tilgangene?**

Svar: Når Chromebooken er heime hos eleven er den ikkje ein del av det kommunale nettverket. Enheten er derfor ikkje beskytta av den kommunale brannmuren. Innstillingar i G-suite står fast, så den gjev noko begrensning, men brannmur funksjonaliteten er ikkje med heim. Foreldre får ikkje tilgang til å kunne styre Chromebooken sidan den er regulert av kommunen.

Vi vil anbefale alle føresette å ta kontroll over heimenettverket sitt og alle enheter som er kopla på. Det finnes mange lise løysingar for dette i dag, og mange har kanskje moglegheita utan at dei er klar over det.

Det å etablere ein brannmur med foreldrekontroll vil gje deg moglegheit til å kontrollere trafikken som er tillat til og frå Chromebooken på heimenettverket.

Med helsing

Jørgen Kausland

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur

**Kopi til**

Ingvill Kvalsnes Blom